

(Internt notat til tiltakshavar frå plankonsulent – dato 14.aug 2019)

FLYDALSJUVET HYTTEFELT - Offentleg ettersyn juni/juli 2019.

Gjennomgang/kommentar til oversendte innspel.

Desse har kome med innspel:

- 1: NVE – motsegn
- 2: M&R Fylkeskommune
- 3: Hove & co
- 4: Geirangerfjord verdsarv
- 5: Fylkesmannen i M&R
- 6: Statens vegvesen / M&R Fylkeskommune

1: NVE – Motsegn

Samandrag:

Potensiell skredfare er ikkje tilstrekkeleg utgreidd.

Etterlyser prosedyreskildring med tilhøyrande rapportmal. Dersom denne vert nytta og resultatet vert innarbeidd i plandokumenta fell motsegna bort.

Kommentar:

Vi sender motsegna til Breiteig fjordsenter som evt får putte sine vurderingar inn i denne rapportmalen. Dette kan vi gjere omgåande.

2: M&R Fylkeskommune

Samandrag:

- 1: Vanskeleg å ivareta krava om store terrenginngrep (§3.3) når 1/3 av tomta skal bebyggast
- 2: §3.2 (tilpassing til eksisterande bebyggelse) vert vanskeleg å oppfylle dersom det skal byggast tett. Vil ha meir konkret omtale av taktekking, materialbruk, fargesetting o.l
- 3: Vil ha betre illustrasjonar på fyllingskanten mot Fylkesvegen. Ymter frampå om reduksjon av P-plass-talet t.d til 16 plassar

Kommentar:

Dette er ikkje ei motsegn, men Fylkeskommunen bed om at vi tek omsyn til desse merknadane.

- 1: *Arealet er rimeleg flatt, men nokre terrenginngrep (særleg i bakkant) må nok påreknast. Desse vert lite synlege frå Fylkesvegsida. Ei utfordring for arkitekten.*
- 2: *Detaljeringa kjem når arkitekten utformar prosjektet. (Føresegnene §...)*
- 3: *Fleire snitt kan alltids framskaffast, men å redusere talet P-plassar til 16 vert nok ein kamp.....*

3: Hove.

Samandrag:

- 1: Innspel på vegne av 20 eigarar av eksisterande fritidseigedomar i området. Dei 18 eigarane av desse eigedomane er opplista med gnr/bnr.
- 2: Belæring i reguleringsrett og oreigningsheimel
- 3: Parkering: Hevder at planframlegget fråtek (med unntak av Ekroll120/34 og Bjørkedal 12/38) alle partane sine lovleg etablerte parkeringsareal. Dei 10 festetomtene under 120/24 har i kontraktane rett til parkering på 120/39 (komm. areal ved Fv) Hyttetomtene 120/12,13,20,25 og 28 er sikra plass (godkjent og frådelt) på 120/37

Krev minst 26 erstatningsplassar totalt + ei løysing for Ekroll og Bjørkedal.

Kommentar:

1 og 2: Nyttig informasjon

3: Denne lekse har vi vore grundig gjennom saman med kommunen. Hove sin konklusjon attspeglar hytteeigarane sine ynskje. Slik eg ser det seier formelle rettar noko anna. Her må Stranda kommune gå inn i og skjære gjennom.

4: Geirangerfjorden Verdsarv:

Samandrag:

Er nøgd med at tiltakshavar har teke omsyn til fleire av deira merknadar ved forvarslinga.

Innspel no:

1: Ynskjer at den offentlege turstien gjennom området også skal få tilkomst direkte frå Fv

2: Skulle gjerne hatt arkitektheikna skisser av hyttene no, og ber om å få dem tilsendt når dei ligg føre.

Kommentar:

1: Dette bør kunne løysast dersom vegveset vil godta det. SVV vil ha hinder mot «villparkering» ved Fv på noverande p-plass, og då må turvegen evt vere mynta på folk som kjem gåande til utgangspunktet. Dette vil kanskje i sin tur utløyse krav om gangveg langs Fv ned til hotell Utsikten.

2: Utforming av bygga vil kome i samb med byggemelding for første hytte på området. (Føresegn. §..)

5: Statens vegvesen / M&R Fylkeskommune

Samandrag:

SVV varslar **motsegn** på desse punkta:

1: Frisikt. Er positive pga at vår løysing vil forbedre situasjonen i høve eksisterande P-plass v Fv. Men dei vil krevje «godkjenning av eit fråvik» før dei vil trekke motsegna. Vi må søke om «fråvik» SVV presiserer at: ..«som vi tidlegare har kommunisert er det ikkje aktuelt å setje ned fartsgrensa på staden..»

2: P-plassar. P-arealet må flyttast lengre inn på planområdet for å unngå murkant/støttemur mot Fv. Må ha rekkefølgekrav i føresegnene at ein ikkje kan starte utbygging av hytteområdet før noverande P-plass ved Fv er fjerna

3: Unngå «villparkering» Må ha rekkefølgekrav som seier noko om kva fysiske hinder som skal etablerast for å unngå «villparkering» på noverande plass v Fv63 når ny plass er etablert.

Kommentar:

1: Vi får søke om sokalla «fråvik» - rekner med at ein slik evt søknad vert innvilga. Eg (og mange med meg) meiner at fartsgrensa gjennom dette området burde vore nedsett til 60 (eller kanskje 50) km/t. (Å køyre med campingbil i 80km/t gjennom området ein sumarsdag vil vere direkte livsfarleg). Ved nedsett fartsgrense ville sikta vere OK

2: Støttemur kontra uendra utforming av vegkanten er krav frå Riksantikvaren. Ved å trekke plassen enno lengre inn på planområdet vil vi enten måtte redusere P-plass-talet eller evt dra plassane inn i bakken i bakkant. Her er små marginer.

3: Dette burde ikkje vere noko stort problem dersom Riksantikvaren godtek t.d ein murkant el.likn. langs gamleparkeringa.

6: Fylkesmannen i M&R:

Samandrag:

Fylkesmannen har samordningsansvar for motsegner i reguleringsaker og oppsummerer slik:

Konklusjon:

- 1: NVE** har motsegn til reguleringsplanen av omsyn til skredfare.(sjå innspel nr 1)
- 2: Statens vegvesens** motsegn er knytt til friskt og til parkeringsplass. (Sjå innspel nr 5)
- 3: Fylkesmannen** har motsegn til planen inntil naudsynte tryggingstiltak er dokumentert og sikra gjennom planen. Vidare må føresegna knytt til omsynssona skildre kva skredfare som er innanfor omsynssona, og det må visast til tryggleikskrava i TEK17§ 7-3.

Kommentar:

1 og 2: Sjå kommentar til merknadane frå NVE og SVV

3: Dersom byggeplanen opner for bygging innanfor omsynssona må vi allereide no i reguleringsplanen dokumentere og sette av plass til evt tryggingstiltak. Vi ynskjer å ta dette i arkitektutforminga av prosjektet. Kanskje vi skulle ta vekk denne opninga som berre utgjør areal til ca 1/3 hytte? Det visast til at det står mønehøgde 6m i føresegnene og 5,5m i planomtalen. Denne skrivefeilen må rettast opp.

Volda, 14.aug -19

Svein Holmen.